

330-00

Ordføraren

2004/04169

-557

Sakshands.:Kirsti Bangsund

Tlf.: 52 79 22 74 Faks 52 79 22 25

Vår ref.:2005000756 A.nr.:K1-

Sak ID:2004002270 - 16

Barne- og familiedepartementet
Pb 8036 Dep
0030 OSLO

NY BARNEHAGELOV - HØYRINGSUTTALE FRÅ SULDAL KOMMUNE

Levekårsutvalet i Suldal drøfta saka i møte 18.01.2005, sak 03/05 og gjorde slikt vedtak:

Suldal kommune påpeikar den korte uttalefristen i den politiske jule- og nyttårspausen og vil koma med følgjande uttale sjølv om fristen er gått ut.

I samsvar med barnehagesjefen sitt forslag til uttale, dok 4.

./. Kopi av innstilling og vedtak ligg ved, saman med barnehagesjefen sitt forslag til uttale.

4230 Sand, 19.01.05

Tone Mari Sand
leiar i levekårsutvalet

Randi Thorsen
formannskapssekretær

Samarbeidsutvala i Suldal barnehage

Sakshands.:Kirsti Bangsund
Tlf.: 52 79 22 74 Faks 52 79 22 25
Vår ref 2004014890 A.nr.:K1-
Sak ID :2004002270- 4

FØREBELS UTTALE - NY BARNEHAGELOV

I samband med høyringa til ny barnehagelov har ein desse merknadene:
Meir utfyllande kommentarar følgjer.

Kap. II: Born og foreldre sin medverking:

§ 3 - Born sin rett til medverking.

Ein er positiv til ei lovfesting av born sin rett til medverking.

Kap. III: Ansvar og myndighet:

§ 6 - Godkjenningsplikt.

Suldal kommune tykkjer det er positivt at plikta til å søkje godkjenning skjerpast.

Kap. IV. Barnehagemyndighetens generelle oppgåver:

§ 10 - Godkjenning.

Ein ynskjer å oppretthalde noverande arealnorm for barnehagen sitt inne og uteområde. Jamfør barnehagelova § 12.

Kap. V: Personalet:

§ 18 - Leiing:

Suldal kommune ynskjer å oppretthalde dagens krav om utdanning :

Ein ynskjer alternativ B.

Vidare ynskjer ein å ta med arbeidsgruppas forslag om at rektor og styrar skal likestillas om ein vel å organisere skule og barnehage som ei verksemnd.

§ 19 - Barnehagen sitt øvrige personal:

Ein ynskjer ei vidareføring av dagens bestemmelse med krav om førskulelærar og norm for pedagogettleik.

Suldal kommune ynskjer alternativ A.

Vidare kommentarar til uttalen:

Tidleg i høyringsnotatet blir det mellom anna sagt at ny lov skal styrkja vilkåra for at barnehagen kan gi borna omsorg og eit godt pedagogisk tilbod. Suldal kommune meinar at ulike vilkår må liggja i botten for dette arbeidet om ein skal nå desse måla.

Staten har målsetjing om rammefinansiering i nær framtid, ein meiner då at ulike kriterier for kvalitet blir nødvendige for å sikre tilboden dei minste borna i samfunnet vårt skal få. Ein ny barnehagelov skal gje eit større kommunalt handlingsrom noko som ein ser som positivt, men ein ser likevel behov for ulike rammer for tilboden. Arbeidsgruppas har uttalt at kvalitetskrav i barnehagar ikkje først og fremst må sjåast på ein avgrensing i eigars fridom og handlingsrom, men ei sikring av små born rettar. Suldal kommune støtter denne uttalen og meiner at eit minimum av kriterier for kvalitet er nødvendig for å sikre eit godt pedagogisk tilbod.

Kap. II: Born og foreldre sin medverking:

§ 3 - Born sin rett til medverking.

Ein meinar at born sine ynskjer og medverking i barnehagen har gode vilkår slik det er i dag, men meiner likevel at ei slik lovfesting berre kan styrke og vidareutvikle ein allereie etablert praksis.

Kap. III: Ansvar og myndigkeit:

§ 6 - Godkjenningsplikt.

Skjerping av plikta til å søkje om godkjenning er ei nødvendig regulering av verksemder kor mange born kan opphalde seg i mange timer i veka. Det finnast i dag ulike slike verksemder som per i dag ikkje er omfatta av barnehagelova. Ei slik skjerping er nødvendig for å ivareta små born sin tryggleik og velferd.

Kap. IV. Barnehagemyndighetens generelle oppgåver:

§ 10 - Godkjenning.

Suldal kommune ynskjer å oppretthalde neverande arealnorm for barnehagar. Ein legg i høyringsnotatet opp til at kommunane sjølv skal vurdere om lokala er skikka før godkjenning ligg føre. Dette gir kommunane større rom for å definere kva som er eigna lokaler. Ein er positiv til ynskje om å gje kommunane større handlingsrom for kva som er godt nok, men ein meiner at arealnorma er eit kriterium for kvalitet som ein er nøydt til å behalde. Dette må gjerast for å sikra at ikkje for mange born blir tatt inn i lokaler som er for små, sett i samanheng med storleiken på gruppa. Sjølv små born treng plass for å utforska verden, og ein må ta omsyn til kva fysisk rom ein har for den gode leiken og det gode samspelet.

Kap. V: Personalaet:

§ 18 - Leiing:

Ein støtter arbeidsgruppa sin uttale om styrartittelen er ein del av barnehagen sin identitet, og godt innarbeidd omgrep i befolkninga si medvit på same måte som rektoromgrepet i skulen. Ein ynskjer å behalde tittelen styrar. Arbeidsgruppa ser vidare inga hinder for at eigalar kan nytta andre namn på leiaren i tillegg.

Vidare ynskjer ein å følgje arbeidsgruppa sin uttale i samband med bestemmelsen som seier at om barnehage og skule er organisert som en verksemnd så kan rektor vera leiari for barnehagen. Arbeidsgruppa meiner at styrar og rektor bør likestilsta om denne bestemmelsen oppretthaldast slik at den barnehagefaglege kompetansen sikrast. Førskulelærarane har med bakrunn frå 3-årig høgskule den høgaste kompetansen for arbeid med born frå 0 - 6 år. Ein slik bakrunn har ikkje ein rektor med allmennfagleg utdanning. Suldal kommune støtter arbeidsgruppa sin uttale, og ynskjer at denne endringa takast med i bestemmelsen.

Styraren i barnehagen har eit dagleg ansvar for drifta av barnehagen, her medrekna eit overordna fagleg ansvar. Ein ser det som sjølv sagt at den som skal leie fram, og ha ansvar for det pedagogiske arbeidet barnehagen skal ha førskulelærarutdanning.

Suldal kommune ynskjer vidare å oppretthalde dagens krav om utdanning :
Ein ynskjer då alternativ B.

§ 19 - Barnehagen sitt øvrige personal:

Ein ynskjer ei vidareføring av dagens bestemmelse med krav om førskulelærar og norm for pedagogettleik.
Alternativ A.

I forslag til ny lov ynskjer ein å styrke born sin rett til medverking. Ein ser positivt på denne endringa. Samstundes ser ein at aukande fokus på medverking frå borna, krevjar vaksne som har kompetanse og tid til å ivareta desse oppgåvene.

Barnehagane i Noreg har vore i rask utvikling i dei siste åra. Det stillast stadig større krav til innhald, og vidareutvikling av tilbodet ein gir. Ein blir stadig utfordra til å opna for ulike driftsformer, og for ulike typar fleksibilitet i tilbodet. Slike endringar stiller aukande krav til fagleg kompetent personal. Desse skal vidareutvikle eit tilbod i eit samfunn som stadig er i endring, samstundes som dei skal sikra kvaliteten på tilbodet som borna får. Brukergruppa i dette tilbodet - borna kan ikkje snakka for seg sjølv. Dei treng omsorgsfulle vaksne med fagleg kompetanse, som har vilje og auge for å sjå kva dei minste i samfunnet vårt treng.

Den nye bestemmelsen om born sin medverking vil også auka krava til pedagogane om systematisk arbeid for å sikra born si medverking. Her vil det vera behov for vaksne som har tid til å vera til stades med borna, og som har gode kunnskapar om borns utvikling.

Barnehagane har i dag mykje kompetent personal både assistenter og fagarbeidarar som gjer ein ypparleg jobb. Samstundes er det tid for å stadfeste førskulelærarane sin kompetanse når det gjeld å sikre, og leie fram i det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Førskulelærarane har med bakrunn frå 3-årig høgskule den høgaste kompetansen for arbeid med born frå 0 - 6 år. Om ein framleis ynskjer å gje born i barnehagar i Noreg eit godt pedagogisk tilbod, må ein fastslå førskulelærarane sin kompetanse på dei minste borna.

Innleiingsvis i høyringsuttalen blir det nemnt at eit pedagogisk tilbod til born under skulealder er eit aktuelt tema både i Europa og resten av verda. Det vert sagt at det er aukande erkjenning av at barnehagar gir born god omsorg, og medverkar til å auke borna sin sosiale kompetanse. Ein seier vidare at det i stadig større grad er allment godteke at barnehagen er samfunnet sitt først bidrag til livslang læring.

Om ein ynskjer å stadfesta dette bidraget til livslang læring, må ein sjå på kva rammer ein legg i botten for å styrke desse tilboda. Eit svært viktig steg i riktig retning er ei oppretthalding av arealnormer, oppretthaldning av krav til førskulelærarutdanning og pedagogettleik.

4230 Sand, 07.12.04

Kirsti Bangsund
Barnehagesjef

Suldal kommune - Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Resultat
Levekårsutvalet	18.01.05	003/05	5/2 for forslag frå Sand
Sakshandsamar		Referanse	Arkivnummer
Kirsti Bangsund		2004002270	K1-

NY BARNEHAGELOV - HØYRING

Forslag til vedtak:

Suldal kommune påpeikar den korte uttalefristen i den politiske jule- og nyttårspausen og vil koma med følgjande uttale sjølv om fristen er gått ut.

1. Suldal kommune er positiv til sjølve hovudgrepene i høyningsnotatet frå departementet. Når kommunane får ansvaret for å løyse ei oppgåve, bør dei også få ansvaret for å finne måtar å organisere oppgåveløysinga på utan sentral lovfesta detaljstyring. Dette vil gjere det meir interessant å vera lokalpolitikar.
2. Suldal kommune har følgjande merknader til desse paragrafane:

Kap. II: Born og foreldre sin medverking:

§ 3 - Born sin rett til medverking.
Ein er positiv til ei lovfesting av born sin rett til medverking.

Kap. III: Ansvar og myndighet:

§ 6 - Godkjenningsplikt.
Suldal kommune tykkjer det er positivt at plikta til å søkje godkjenning skjerpast.

Kap. V: Personalet:

§ 18 - Leiring:

Suldal kommune ynskjer alternativ A, jamfør rådmannen sine merknader.

§ 19 - Barnehagen sitt øvrige personale:

Suldal kommune ynskjer alternativ C, jamfør rådmannen sine merknader.

18.01.2005 LEVEKÅRSUTVALET
Sand, SV sette fram slikt forslag:

I samsvar med barnehagesjefen sitt forslag til uttale, dok 4.

LEV-003/05 VEDTAK:

5 røysta for forslaget frå Sand, 2 for innstillinga.

4230 Sand, 19.01.05

Nils I. Korsvoll

rådmann

Kirsti Bangsund
Barnehagesjef

NY BARNEHAGELOV - HØYRING

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	09.11.04	Barne og fam.dep	HØRING OM NY BARNEHAGELOV NOTAT
2	I	09.11.04	Barne og fam.dep	HØRING OM NY BARNEHAGELOV
4	U	07.12.04	Samarbeidsutvala i Suldal barnehage	FØREBELS UTTALE - NY BARNEHAGELOV
5	U	07.12.04	Samarbeidsutvala i Suldal barnehage	VEDKOMMANDE - HØYRING NY BARNEHAGELOV
7	I	08.12.04	Sam.arb.utvalet i Randåsen	REF.SAMARBEIDSUTVALET RANDÅSEN
8	I	09.12.04	Samarbeidsutvalet i Vanvik	REF.SAMARBEIDSUTVLET -VANVIK
9	I	17.12.04	Sam.arb.utvalet på Jelsa	INNSPEL-JELSA
10	I	22.12.04	Sam.arb utalvet på Vinjar	INNSPEL-VINJAR
11	I	03.01.05	Sam.arb utvalet på Stølane	INNSPEL-STØLANE
15	I	04.01.05	Sam.arb.utvalet på Nesflaten	INNSPEL-NESFLATEN
14	I	06.01.05	.	FØREBELS HØYRINGSUTTALE FRÅ SULDAL KOMMUNE - NY BARNEHAGELOV

/. Dok. 1 og dok. 4 fylgjer vedlagt. Lovtekst i dok. 2 ligg også ved.

Samandrag:

Ny lov inneheld ein del endringar. Her er mellom anna gjort ei endring som lovfestar born sin rett til medverking. Ein har vidare forslag om skjerping av godkjenningssplikta. Ein har også lagt føring for store endringar knytt til arealnorm, krav om forskulelærar -utdanning, og pedagogettleik. Hovudgrepene i forslaget frå departementet er at når kommunane får ansvaret for å løye ei oppgåve, bør dei også få ansvaret for å finne måtar å organisere oppgåveløysinga på utan sentral lovfesta detaljstyring. Dette vil gjere det meir interessant å vere lokalpolitikar. Rådmannen er samd i dette og legg det til grunn for si tilråding.

Saksfakta:

Bakgrunn for saka:

Høyringa er ein del av arbeidet med ny barnehagelov. Høyringsnotatet er dagsett 09.11.04 med høyringsfrist 10.01.05. Ny lov med forskrift skal vera ferdig i 2006.

På grunn av kort tidsfrist har barnehagesjefen laga ein førebels uttale som vart sendt ut til høyring i desember - 04. Alle samarbeidsutvala har gitt ein uttale. Samarbeidsutvala representerer alle dei 8 avdelingane i Suldal barnehage.

Uttale og merknader frå samarbeidsutvala er som følgjer:

Suldal barnehage, avd. Nesflaten:

Ein gjekk gjennom punkta som Suldal kommune har til høyringsutkastet, og samarbeidsutvalet støtter desse fullt ut.

Suldal barnehage, avd. Vanvik:

Samarbeidsutvalet gjekk gjennom "Førebels høyringsuttale frå Suldal kommune - ny barnehagelov." Det var semje om å støtte merknadene i dette skrivet. Utvalet hadde ingen vidare merknader eller tilføyinger.

Suldal barnehage, avd. Jelsa:

Samarbeidsutvalet er einige i det som er skrevet i høyringsuttalen. Ein har ikkje funne fram til andre moment ein vil tilføye.

Suldal barnehage, avd. Joagarden:
Samarbeidsutvalet støttar barnehagesjefen sin høringsuttale.

Suldal barnehage, avd. Randåsen:
Samarbeidsutvalet støttar barnehagesjefen sitt høringsforslag. Det er viktig at kvaliteten på barnehagane ikkje blir tilfeldig men at vi har rammer som er med på å sikre kvaliteten på barnas kvardag i barnehagen. Ikkje den enkelte kommunen sin økonomi.

Suldal barnehage, avd. Kjølvikstolen:
Samarbeidsutvalet slutta seg til høringsuttalen.

Suldal barnehage, avd. Vinjar:
Samarbeidsutvalet valde å støtte den førebels uttalen frå Suldal kommune som barnehagesjefen har utarbeidd.

Suldal barnehage, avd. Stølane:
Medlemmene i samarbeidsutvalet stiller seg bak høringsuttalen som barnehagesjefen har utarbeidd, og har ingen andre merknader å tilføye.

Rådmannen sine merknader:

Rådmannen er samd i hovudgrepet som departementet har tatt i dette lovforslaget. Når kommunane får ansvaret for å løyse ei oppgåve, bør også kommunane få ansvaret for å finne måtar å organisere oppgåveløysinga på. Det bør leggjast til rette for at kommunane ut frå lokalpolitiske skjøn kan prioritere og bestemme korleis barnehagetilbodet skal utformast. At barnehagane skal gi borna omsorg og eit godt pedagogisk tilbod skal vera målsetjinga, men virkemiddelbruken bør vera eit lokalpolitisk ansvar utan sentral lovfesta detaljregulering. Det vil også gjere det meir interessant å vera lokalpolitikar.

Staten har målsetjing om rammefinansiering i nær framtid, ein meiner då at ulike kriterier for kvalitet blir nødvendige for å sikre tilbodet dei minste borna i samfunnet vårt skal få. Ein ny barnehagelov skal gje eit større kommunalt handlingsrom noko som ein ser som positivt, men ein ser likevel behov for ulike rammer for tilbodet. Våren 2004 blei det sett ned ei sentral arbeidsgruppe som skulle sjå på kvalitet i barnehagen.

Denne arbeidsgruppa har mellom anna uttalt at kvalitetskrav i barnehagar ikkje først og fremst må sjåast på ein avgrensing i eigars fridom og handlingsrom, men ei sikring av små born rettar. Suldal kommune støttar denne uttalen og meiner at eit minimum av kriterier for kvalitet er nødvendig for å sikre eit godt pedagogisk tilbod, samstundes som ein ikkje avgrensar barnehageigarane sin styringsrett unødvendig.

Merknad til Kap. II: Born og foreldre sin medverking:

§ 3 - Born sin rett til medverking.

Ein meinat born sine ynskjer og medverking i barnehagen har gode vilkår slik det er i dag, men meiner likevel at ei slik lovfesting berre kan styrke og vidareutvikle ein allereie etablert praksis.

Merknad til Kap. III: Ansvar og myndighet:

§ 6 - Godkjenningsplikt.

Skjerping av plikta til å søkje om godkjenning er ei nødvendig regulering av verksemder kor mange born kan opphalde seg i mange timer i veka. Det finnast i dag ulike slike verksemder som per i dag ikkje er omfatta av barnehagelova. Ei slik skjerping er nødvendig for å ivareta små born sin tryggleik og velferd.

Merknad til Kap. IV. Barnehagemyndighetens generelle oppgåver:

§ 10 - Godkjenning.

Departementet legg i høringsnotatet opp til at kommunane sjølv skal vurdere om lokala er skikka før godkjenning ligg føre. Dette gir kommunane større rom for å definere kva som er eigna lokaler. Ein er positiv til ynskje om å gje kommunane større handlingsrom for kva som er godt nok. Ei arealnorm kan vere ein god

rettleiar utan at det treng lovfestast. Sjølv små born treng plass for å utforska verden, og ein må ta omsyn til kva fysisk rom ein har for den gode leiken og det gode samspelet. Rådmannen er trygg på at eigaren vil ta turvande omsyn til dette i sine lokalpolitiske vurderingar.

Merknad til Kap. V: Personalet:

§ 18 - Leiing:

Arbeidsgruppa om kvalitet i barnehagen har uttalt at dei ser styrartittelen er ein del av barnehagen sin identitet, og godt innarbeidd omgrep i befolkninga si medvit på same måte som rektoromgrepet i skulen. Ein ynskjer å behalde tittelen styrar. Arbeidsgruppa ser vidare inga hinder for at eigarar kan nytta andre namn på leiaren i tillegg. Suldal kommune støtter denne uttalen og ynskjer å behalde tittelen styrar.

Styraren i barnehagen har eit dagleg ansvar for drifta av barnehagen, her medrekna eit overordna fagleg ansvar. Ein ser det som sjølvsagt at den som skal leie fram, og ha ansvar for det pedagogiske arbeidet barnehagen bør ha førskulelærarutdanning. Departementet peikar på at ein dagleg leiar må ha leiarkompetanse, men vil ikkje lovfeste eit slik krav. Ein styrar bør ha både pedagogisk, administrativ og leiarkompetanse. Rådmannen meiner at eigar bør vurdere dette samla i kvart tilfelle.

Suldal kommune ynskjer difor alternativ A.

Merknad til § 19 - Barnehagen sitt øvrige personal:

Rådmannen ynskjer ei vidareføring av dagens bestemmelse med krav om førskulelærar, då dette er ei fagstilling. Storleiken på barnegruppene bør derimot vurderast fagleg i kvart tilfelle. (Jamfør svensk lovgeving.)

Suldal kommune ynskjer alternativ C.

I forslag til ny lov ynskjer ein å styrke born sin rett til medverking. Ein ser positivt på denne endringa. Samstundes ser ein at aukande fokus på medverking frå borna, krevjar vaksne som har kompetanse og tid til å ivareta desse oppgåvene.

Barnehagane i Noreg har vore i rask utvikling i dei siste åra. Det stillast stadig større krav til innhald, og vidareutvikling av tilbodet ein gir. Ein blir stadig utfordra til å opna for ulike driftsformer, og for ulike typar fleksibilitet i tilbodet. Slike endringar stiller aukande krav til fagleg kompetent personal. Desse skal vidareutvikle eit tilbod i eit samfunn som stadig er i endring, samstundes som dei skal sikra kvaliteten på tilbodet som borna får. Brukergruppa i dette tilbodet - borna kan ikkje snakka for seg sjølv. Dei treng omsorgsfulle vaksne med fagleg kompetanse, som har vilje og auge for å sjå kva dei minste i samfunnet vårt treng. Den nye bestemmelsen om born sin medverking vil også auka krava til pedagogane om systematisk arbeid for å sikra born si medverking. Her vil det vera behov for vaksne som har tid til å vera til stades med borna, og som har gode kunnskapar om borns utvikling.

Barnehagane har i dag mykje kompetent personal både assistenter og fagarbeidarar som gjer ein ypparleg jobb. Samstundes er det tid for å stadfestre førskulelærarane sin kompetanse når det gjeld å sikre, og leie fram i det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Førskulelærarane har med bakgrunn frå 3-årig høgskule den høgaste kompetansen for arbeid med born frå 0 - 6 år. Om ein framleis ynskjer å gje born i barnehagar i Noreg eit godt pedagogisk tilbod, må ein no stadfestre førskulelærarane sin kompetanse på dei minste borna.

Innleiingsvis i høyringsuttalen blir det nemnt at eit pedagogisk tilbod til born under skulealder er eit aktuelt tema både i Europa og resten av verda. Det vert sagt at det er aukande erkjenning av at barnehagar gir born god omsorg, og medverkar til å auke borna sin sosiale kompetanse. Ein seier vidare at det i stadig større grad er allment godteke at barnehagen er samfunnet sitt først bidrag til livslang læring.

Til slutt vil rådmannen peika på den korte uttalefristen der også den politiske pausen i jule- og nyttårshelga kjem inn. Høyringsnotatet vart motteke 18.11.04 (i budsjettida) med frist 10.01.05. Rådmannen meiner at i denne for kommunene viktige saka, bør det aksepteraast at uttalene kjem nokre dagar for sein.